

REGULERINGSFØRESEGNER I TILKNYTING TIL REGULERINGSPLAN FOR DEL
AV GNR. 79 – ”FØRRE TERRASSE”

§ 1 Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense. Innanfor det regulerte området skal arealbruken vera som vist på planen.

1. Byggeområder.

A. Områder for bustadbygging.

§ 2 Det vert berre tillatt oppført frittliggjande einebustader på 1 etasje med grunnmur ikkje over 70 cm. Der terrenget etter kommunen sitt skjønn ligg til rette for det kan ein tillate innreia underetasje. I tillegg er det tillatt med garasje.

§ 3 Bygningane skal plasserast som vist på planen. Møneretningen vert rekna i lengderetninga til huset.

§ 4 Det kan byggjast på inntil 35% BYA av kvar einskild tomt, inkludert garasje.

§ 5 Garasjen skal fortrinnsvis oppførast som tilbygg til bustadhuset, og tilpassast dette med omsyn til materialval, form og farge. Der forholda ligg til rette for det kan kommunen tillate oppført frittliggjande garasje. Garasjen kan ikkje oppførast over 50 m² BRA.

Dersom kommunen finn det tilrådeleg kan garasje som får lengderetning langs vegen, tillatast plassert inntil 2 m frå vegkant.

Kommunen fastset endeleg plassering av garasjen. Plassering av garasjen skal vera vist på situasjonsplan som følgjer byggemeldinga for bustadhuset, sjølv om garasjen ikkje skal oppførast samtidig med dette.

Det skal være oppstillingsplass for minimum 2 biler på egen grunn. Biler må kunne snu på egen grunn.

2. Friområder.

§ 6 I friområde kan kommunen tillate oppført bygningar som har naturleg tilknytning til friområder og som ikkje vil vera til hinder for bruk av området som friområde.

3. Fellesføresegner.

§ 7 Det vert ikkje tillate private avkjørsler direkte til sekundærveg (hovudveg). Det same gjeld andre vegar som etter kommunen sitt skjønn kan få ein slik trafikkbelastning at fare vil kunne oppstå.

- § 8 Innanfor dei viste frisktliner i vegkryss skal det vera uhindra sikt ned til 50 cm over dei kryssande vegar sitt planum.
- § 9 Innhegningar skal i same vegflukt vera av eins materiale og ha same høgd. Gjerde skal plasserast minimum 1 m frå vegkant og ikkje vera høgare enn 0,8 m over vegplanum, i skjering og fylling kan kommunen fastsetje annan høgd.
- § 10 Det er ikkje tillate med forstøttingsmurar langs vegar. Dersom det føreligg særlege grunnar kan kommunen godkjenne forstøttingsmurar og setje krav til høgd, utforming og utføring av desse.

Grindafjord, 18.11.1984
Aksdal, xxxxxxxx